

**MØTEBOK****Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027**

Utval sak	Utval	Møtedato
76/23	Formannskapet	07.11.2023

Vedlegg:

- 1 Budsjett 2024 for kontrollutvalet
- 2 Statsbudsjettet for 2024 - kommuneopplegget
- 3 Kommunal støtte til Fitjar kyrkje i 2024
- 4 Sunnhordland museum - Revidert søknad om tilskot til Nye Sunnhordlandstunet 2023
- 5 Opprusting av leikeområdet ved Øvrebygda skule
- 6 OK - FITJAR SØKNAD OM STØTTE MESSA - 2023
- 7 Norske kvinners sanitetsforening - Søknad om økonomisk støtte til Veiledningssenter Vest

Bakgrunn:

Kommunedirektøren presenterte sitt framlegg til budsjett 2024 og økonomiplan 2024 – 2025 til kommunestyret 31. oktober.

Administrasjonen har sett opp eiga side på heimesidene til kommunen til budsjettet. Sida vert oppdatert etter kvart som ny politisk handsaming og uttalar kjem til. Sida ligg under Politikk med eigen knapp «Budsjett og økonomiplanar».

Det vert handsama ei sak parallelt med budsjettet, og som kan ha budsjettkonsekvensar:

- Gebyrregulativ

Kommunal deflator (løns- og prisvekst) er berekna til 4,3 % i Statsbudsjettet. Forventa lønnsstiging er sett til 4,9 %

Søknadar:*Fitjar sokn*

Soknet søker om driftstilskot på kr 2 913 200,- for 2024.

Kommunedirektøren har lagt inn eit driftstilskot på kr 2 808 400,-, fordelt på administrasjon kr 2 321 000,- og kyrkjegard på kr 477 400,-. Driftstilskotet er auka med 4,9 % frå 2023. I tillegg er det er vidareført eit tilskot på kr 10 000,- for vedlikehald av Kolerakyrkjegarden.

Søknad om tilskot til investeringar er etterkomme.

Sunnhordland museum

Denne er omtala i budsjettdokumentet.

Kommunedirektøren har ikkje stetta søknaden.

FAU Øvrebygda

Søknaden gjeld tilskot til leikeområde ved Øvrebygda skule, med i første omgang eit tilskot til område 1 «Sosial sone for motorisk utvikling» på del av kr 273 080,-. Kommunedirektøren har ein årleg investering til kultur og idrett på kr 400 000,-. I 2024 er nærmiljøanlegg ved Selevik skule prioritert. Dette har ei utgiftsramme for kommunen på om lag kr 300 000,-.

Utdanningsmessa for Sunnhordland

Utdanningsmessa søker om tilskot for sunnhordlandskommunane og Vestland fylkeskommune. Søknadssummen for Fitjar er på kr 3 188,-. Kommunedirektøren har ikkje stetta søknaden.

Norske kvinners sanitetsforening

Foreininga søker om tilskot til Veiledningssernter Vest. Kommunedirektøren har ikkje stetta søknaden.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet sender kommunedirektøren sitt framlegg til «Budsjett 2024 og økonomiplan 2024 - 2027» til Utval for oppvekst og omsorg, Utval for plan og miljø, Råd for funksjonshemma, Eldreråd og Ungdomsrådet for uttale.

Formannskapet handsamar saka 28.11. og offentleggjer deretter sitt framlegg til budsjett og økonomiplan. Kommunestyret handsamar saka med endeleg vedtak 12.12.

Saksprotokoll i Formannskapet - 07.11.2023

Behandling:

Økonomisjef Trond Salmo hadde gjennomgang av budsjettforslaget for 2024 for kvar etat, og svara på spørsmål frå formannskapet. Etatssjefane svara på ytterlegare spørsmål frå formannskapet. Nokre av spørsmåla vil bli svara ut skriftleg.

Vedtak:

Formannskapet sender kommunedirektøren sitt framlegg til «Budsjett 2024 og økonomiplan 2024 - 2027» til Utval for oppvekst og omsorg, Utval for plan og miljø, Råd for funksjonshemma, Eldreråd og Ungdomsrådet for uttale. Formannskapet handsamar saka 28.11. og offentleggjer deretter sitt framlegg til budsjett og økonomiplan. Kommunestyret handsamar saka med endeleg vedtak 12.12.

André Sæthre
Fungerande kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.